

# Rekord-deltaking i Kleiva opp

**Kleiva opp fekk rekord-oppslutning med 112 deltakarar. Rekord vart det også i sykkelklassen, der Stig Svalheim tilbakela 7 km og 600 høgdemeter på 28 minutt og 18 sekund.**

Harald Vartdal  
harald.vartdal@fjordingen.no

I løpsklassen på den lange distansen frå Hopland kai til Nosakleiva, vart det siger til Jan Olav Tjønnaland. Årets vinnartid på 33.42 er vel to minutt bak den uslæelege (?) rekorden til tidlegare juniorverdsmeister Roar Hjelmeset (31.35). Dameklassen vart vunnen av Therese Sjursen.

Deltakarane under 16 år sprang frå Rand skule til Nosakleiva - 4 km og 350 høgdemeter. Mathias Lote Henden kom først i mål av gutane, medan Sigrid Flo Bødal var raskaste jente.



Jon Olav Tjønnaland, Viksdalen vann herreklassen i Kleiva opp.



Therese Sjursen, Bfg Bergen var suveren i dameklassen.



Sigrid Flo Bødal, som her spring saman med Håkon Midthjell Gjorven, var raskaste jente på halvdistansen av Kleiva opp.



Mathias Lote Henden, Stårheim kom først i mål av dei som starta frå Rand skule.



Stig Svalheim, Eidsfossen sette ny rekord i sykkelklassen.

## Tre mål ikkje nok til poeng

**Stryn scora tre gongar i bortekampen mot Årdal, men det heldt ikkje til poeng ettersom dei slapp inn fem baklengsmål. Nedtrykksspøkelset kjem dermed stadig nærare.**

Harald Vartdal  
harald.vartdal@fjordingen.no

Stryn sitt unge lag var godt med på notane i første omgang. Heimelaget gjekk i leiinga, men Oddne Årdal utlikna då han avvslutta eit flott stryngangrep. Etter sidebyte rakna det igjen, og Årdal scora tre kjenne mål.

Vegard Hopland tende eit lite poenghåp då han reduserte til 4-2 frå straffemerket. Men i staden punkterte årdølene kampen med si femte scoring. Heilt på tampen fastsette innbytter Eirik Bøe resultatet til 5-3.

For Stryn blir resten av sesongen ein kamp mot nedrykk. Det er ei luke på 4 poeng ned til Voss og Vik, men begge desse laga har ein kamp mindre spelt. Her er Stryn sitt kampprogram før status skal gjerast opp i midten av oktober: Sogndal 2 (h), Voss (b), Vadmyra (b), Varegg (b) og Tornado Måløy (h).

Oddne Årdal scora Stryn sitt første mål. (Foto: Stig Høyenes)



### KAMPAKTA

**Årdal - Stryn 5-3 (1-1)**  
**Årdal nye stadion**  
**Mål:** 1-0 Eirik Rode (30.), 1-1 Oddne Årdal (30.), 2-1 Robin Moheim (52.), 3-1 Preben Strypet (65.), 4-1 Christian Stedje (70.), 4-2 Vegard Hopland (80.), 5-2 Robin Moheim (83.) 5-3 Eirik Bøe (90.).  
Pulikum: 513  
**Dommar:** Yngve Håkonsen, Fjora  
**Stryn sitt lag:** Simen Lillevik Kjellevold, Justinas Busmic, Petter Hammer, Vegard Hopland, Rasmus Gausemel, Stian Sandal, Pål Henning Myren (Eirik bøe 5 min.), Frode Hool Egge, Emil Allesøe, Matias Garlid, Oddne Årdal.